

Andreplass for Uskedalen

07.01.2011



Nåso lokkar mange (Foto: Harald Sætre)

I fjor var det 92 som fullførte fjelltrimmen i regi av Kvinnherad Turlag og 13 av dei var frå Uskedalen.

Det betyr at vår bygd i 2010 måtte nøye seg med andrepllassen etter Rosendal som hadde 15 trimmarar. I 2009 gjekk Uskedalen til topps med 21.



Johanna Yri er 84, men klarte kravet for femte gong.

Her er dei 13:

Kari Anne Yri Halvorsen, Arne Hauge, Marit Hauge,
Johannes Haugland, Svanhill Haugland,
Torbjørn Haugland (gjennomført 5 gonger), Nelly Kjærland, Møyfrid Kristoffersen, Ingrid Kroka,
Steinar Kroka, Nils Raudstein, Sidsel Stigum og Johanna Yri (gjennomført 5 gonger).

Når det gjeld turmål står Ulvanåso og Geitadalstiund
med 23 og 17 turar i statistikken.

Her er det Skålafjell og Feto som toppar med 76 og 74.
Turlaget er nøgd med deltagninga, men satsar på enda betre opslutnad i år.

Nils Raudstein frå Uskedalen er ein av dei som har gått alle 16 turane.
Kortet kan ein finna i turfaldaren eller på nettsida til turlaget.
Fleire av turane kan avviklast på ski.

Dei fleste turmåla er allereie i bruk i lokal fjelltrim. I dei fleste av dei 8 områda kommunen er inndelt i, kan ein velja mellom ein kort og ein lang tur.
Kravet er godkjend ved fullføring av minst
5 turar i 5 ulike område og kort eller lang tur tel likt.

Av Ola Matti Mathisen